

Sak til årsmøtet i Sandsøy IL

**Nytt verv: «Sjutoppsturen»**

Eg foreslår at vi opprettar eit nytt tillitsverv. Det skal vere ein person som skal ha hovudansvar for Sjutoppsturen. Dette kan vere ein person som sit enten i hovudstyret, i trimgruppa, eller ein heilt ny person. Altså skal det ikkje bli så mykje meir arbeid for valnemnda. Vervet skal heller ikkje innebere særleg mykje ansvar, berre at denne personen tek initiativ når vi skal i gang med førebuingane til påske. Viss denne personen vil, kan den sjølvstilt vere så mykje engasjert som den vil, men i det minste må den setje i sving resten av apparatet, og eventuelt delegere leiaransvar til andre personar.

Hovudoppgåvene til denne personen skal tre i kraft frå etter evaluering av den nettopp ferdige Sjutoppsturen, og fram til dei praktiske førebuingane til den neste turen er i gang.

Tanken er at denne personen skal utarbeide forslag til rammer for den neste utgåva, slik at styret kan ta stilling til forslaget i løpet av hausten kvart år – slik at dei grunnleggande tinga er på plass tidleg, og vi kan for eksempel publisere informasjonen på Internett.

Viss det skal vere mogleg å utvikle Sjutoppsturen litt heile tida, som eg trur er viktig for at deltakarane skal kome igjen kvart år, meiner eg at eventuelle nye idear må vere på plass tidlegare enn eit par månader før påske.

Viss ingen andre forslag om person til dette vervet kjem opp på årsmøtet, kan eg sjølv ta på meg oppgåva!

Sandshamn, 9. februar 2018

*Eirik Voksøy Bringsvold*